



Dato: 26.10.2020

Vår ref: 20/03472-7

Dykkar ref:

Brev til kyrkjeverjer og prestar om krav til søknad om dispensasjon frå gudstenesteordninga

Gudstenestereforma frå 2011

Ny gudstenestereform blei vedteken i 2011. Gudstenestereforma sine fremste verdiord var at gudstenesta skulle vere «stadeigen, fleksibel og involverande». Mange flotte lokale grunnordningar blei utvikla, ikkje minst blei mykje ny liturgisk musikk teke i bruk. Samstundes som dei lokale grunnordningane blei godkjente (oftast med merknad), blei det varsle evaluering av gudstenestereforma, tidsett om lag 3 - 6 år etter innføring. Saka som no heiter «Justering av hovudgudstenesta» er resultatet av den varsle evalueringa.

Evalueringa har vist at det har utvikla seg stor variasjon i dei lokale grunnordningane, særleg med omsyn til ord- og musikkvariantar i dei liturgiske seriane. Resultatet har blitt at mange ikkje greier å ta del i liturgien i eigen kyrkjelyd og endå mindre om ein tar del i gudsteneste andre stader. Den nye gudstenesteordninga «strammar inn» noko av dette mangfaldet og legg til rette for at ord og musikk i lokal grunnordning skal avgrensast til dei forskjellige alternativa som den nye gudstenesteboka opnar for.

Justert ordning for hovudgudsteneste/Justering av lokal grunnordning

Bispedømerådet har no utsett frist for godkjenninng av justert hovudgudsteneste til 1. pinsedag 2021. (brev av 14. sept. 2020) Sjølv om fristen er utsett, er mange av kyrkjelydane i gong med å førebu saka for soknemøte og fram til vedtak i sokneråd. Når bispedømekontoret orienterte om utsett frist, presenterte ein også vedtaksmål. Når soknerådet gjer vedtak om justert hovudgudsteneste/lokal grunnordning, bør grunnordninga førast inn i vedtaksmalen som de har fått tilsendt, elles bør ein presentere fullt utskriven versjon av lokal grunnordning.

Søknad om fritak frå gudstenesteordninga

Ein del kyrkjelydar vurderer å fremje søknad om dispensasjon frå dei godkjente alternativa. Biskopen vil berre vurdere dispensasjon dersom soknerådet ønskjer å vidareføre element frå lokal grunnordning (frå 2011) som ikkje er mellom alternativa i den nye gudstenesteboka.

Møre biskop vil føre ein restriktiv linje og har sagt at soknet lyt føre gode argument dersom ein dispensasjonssøknad skal godkjennast. Nokre av føresetnadane som lyt vere til stades for dispensasjon blir nemnde i dette skrivet. På denne måten vil vi seie noko om kva krav

Møre biskop set til søknaden, samstundes seier brevet noko om kva søknader som kan ha håp om å bli innfridde.

- Til gudstenesta sin orddel.
 - o Det er lettare å gi dispensasjon til språklege endringar i bøner o.a., dersom innleiingsord og kyrkjelydssvar er av alternativa i gudstenesteboka.
 - o Det er lettare å få dispensasjon til endringar dersom orda inkluderer og gjer det lettare å ta del.
- Til gudstenesta sin musikkdel
 - o Det er lettare å gi dispensasjon til liturgiske einskildledd enn å godkjenne heile liturgiske seriar.
 - o Det er lettare å gi dispensasjon til einskilde liturgiske ledd dersom den liturgiske musikken er kjent, både i kyrkjelyden, brukt i området og er mellom dei liturgiske ledda som er utprøvd i prøveperioden. (Den liturgiske musikken lyt ha forankring i «det liturgiske landskapet»)

Krav til søknad

Ein søknad lyt vise til vedtak i soknerådet.

Søknaden må gjere greie for kva ein søker om dispensasjon til, og vise til aktuelt punkt i ordning for hovudgudstenesta. Dersom ein søker om endring i tekst, lyt ein presentere alternativ ordlyd. Dersom ein søker om å bruke liturgisk musikk som ikkje er av alternativa i gudstenesteboka, lyt både tekst og notar leggjast ved søknaden. Utdrag av andre reglar i samband med utforming av lokal grunnordning er lagt ved.

Godkjenning

Prosten godkjenner justert hovudgudsteneste/lokal grunnordning når ho er utforma innanfor alternativa i ordning for hovudgudstenesta.

Dersom den justerte hovudgudsteneste/lokale grunnordninga ikkje er innanfor alternativa i ordning for hovudgudstenesta, lyt soknerådet søkje Møre biskop om dispensasjon.

Søknaden lyt sendast Møre biskop med kopi til vedkommande prost innan 15. april 2021, slik at godkjent ny lokal grunnordning kan innførast 1. pinsedag 2021.

Med helsing

Ingeborg Midttømme
biskop

Arvid Helle
leiar kyrkjefagavd.

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Reglar for sakshandsaming ved justering av hovudgudstenesta

Mottakarar:

Click here to enter text., Click here to enter text.

Click here to enter text.

Click here to enter text.